

Kontakt med heimesjukepleien

Kommunen opnar no for kontakt med heimesjukepleien utanom kontortid, ved at ein ringjer Skodje omsorgssenter, som vil formidle kontakt med heimesjukepleien ved behov.

Kontaktinformasjon:

Ikontortida (måndag – fredag 08.00 – 15.30):

70 24 40 90 eller 70 24 40 92.

Utanom kontortida:

Skodje omsorgssenter: 70 24 41 75

Ved akutt behov for hjelp må ein bruke tryggleiksalarm eller henvende seg til lege / legevakt eller 113.


Lite plass til lesestoff i feriebagasjen?

No kan du låne **ebøker** for nettbrett og smarttelefon på biblioteket.

Ta kontakt med biblioteket eller sjå www.mr.fylkesbibl.no for meir informasjon og rettleiing.

Skodje kommune ønskjer alle

God sommar!



«Min vei fra 185 til 100 kilo og veien videre»

Pål Andreassen sykklar Norge rundt i sommar for å fortelje historia om si livstilsendring. Han ynskjer å dele si erfaring om kva som krevst for å kome over dørstokkmila og lukkast med livstilsendring av dette formatet.

Det handlar ikkje berre om sjølve vekttapet, men mykje meir om vegen vidare og kva som krevst for å oppretthalde livstilsendinga resten av livet.

Vi er heldige med at sykkelruta hans går innom Skodje den **1. juli**. Foredraget vert i **kultursalen på Gomerhuset kl 18.00**. Etterpå går vi til Frisklivssentralen. Der vert det forfriskningar, og ein får moglegheit til å ta ein prat med Pål. Fjell- og sykkelservice vil også kome og vise fram sykklar. Arrangementet er gratis for alle.

Følg Pål Andreassen på Facebook.

Anna nytt frå Frisklivssentralen:

- Frisklivssentralen opnar no utstyrssentral. Alle einingar, lag, organisasjonar og privatpersonar i Skodje kan låne utstyr gratis. Ein person over 18 år må skrive under utlånskontrakt.

Tilgjengeleg utstyr: Bålpanner og utstyr til matlaging og bespisning utandørs, tandem-sykkel, hovudlykter, pulsklokker, stavar, GPS, skileikutstyr med hinder og kjegler, akematter, snøspadar, diverse ballar for ute- og innebruk, sandvolleyballar, lavo, sit-on-top familieakajakkar, badminton, taubruer, sprintfallskjermer m.m.

Kom gjerne innom for å sjå.

- Kursa «Røykfrie saman» og «Bra Mat for betre helse» startar opp i september. Ta kontakt dersom du ynskjer å delta.
- Aktivitetane i basetilbodet tar pause 27. juni og startar opp igjen 25. august. Det er likevel mogleg å ta kontakt eller bli tilvist Frisklivssentralen.
- Tjukkasgjengen Skodje har starta opp. Sjekk facebook: «Tjukkasgjengen©™ Chapter Skodje». Der ligg turprogram for sommaren.


FRISKLIVSSENTRALEN

Kommunedelplan for fysisk aktivitet

Det faste planutvalet har vedteke å starte arbeidet med rullering av handlingsprogrammet til kommunedelplan for fysisk aktivitet 2015-2019.

Skodje kommune inviterer med dette idrettslag, foreiningar, brukarlag og andre interesseorganisasjonar til å melde tiltak og prosjekt til handlingsprogram for 2015-2019.

Nye innspel og eventuelle merknader til oppstarta planarbeid skal vere skriftlege, og sendast Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje.

Meir informasjon på skodje.kommune.no.

Frist for innspel og merknader er sett til **15. august 2014**.

Omsorgsprisen

Fylkesmannen sin omsorgspris skal tildelast kvart år i perioden 2007 til og med 2014. Prisen går til ein kommune eller ei kommunal tenesteeining for eit spesielt arbeid eller tiltak som har ført til betre omsorgstenester for brukarane.

Alle kan sende inn forslag til Omsorgsprisen, om du er tilsett, pasient, pårørande, eller på anna vis har kjennskap til gode tiltak i kommunen. Det er viktig at dei gode eksempla frå kommunane i Møre og Romsdal blir lyfta fram, seier Fylkesmannen.

Tidlegare vinnarar av prisen er kommunane Ulstein, Sula, Ålesund, Molde, Sande, Herøy og Neset.

Sjå meir på skodje.kommune.no.

Frist for innsending av forslag er **15. august 2014**.

Litt av kvart

Barnehage

Den nye Prestemarka barnehage er no ferdigstilt og skal takast i bruk frå nytt barnehageår 15. august.

Alle barnehagane i kommunen startar året med ein planleggingsdag 15. august. Barnehagane er då stengt og første dag for barna i barnehageåret 2014/2015 er måndag 18. august.

Helsestasjonen

Redusert bemanning på helsestasjonen i sommar

I veke 27 og 28 er helsestasjonen open tysdagar og torsdagar.

Veke 31 er helsestasjonen stengd.

Elles normale opningstider.

Ingen reisevaksinerings på helsestasjonen i sommar

I perioden 1. juni - 31. august i år vert det ikkje mogleg å få gjennomført reisevaksinerings ved Skodje helsestasjon.

Medi3 Reise- og vaksinasjonsklinikkk tilbyr denne tenesta. Du kan nå dei på telefon 70 11 70 00, og på www.medi3.no.

Biblioteket i sommar

Siste opningsdag før ferien:
Fredag 27. juni.

Første opningsdag etter ferien:
Måndag 28. juli.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 16. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 9. september.

Slik brukte kommunen pengane

Inntekter	2013
Skatteinntekt	90 253 144
Statstilskot	123 816 471
Andre statstilskot	12 014 036
Samla inntekter frå staten	226 083 651
Renteinntekter/utbytte	4 240 854
Rentekostnad	-8 038 507
Avdrag på lån	-13 259 634
Resultat finans	-17 057 287
Disponible inntekter	209 026 364
Tenesteområde	Forbruk
Skular	-48 304 125
Pleie og omsorg	-44 836 000
Barnehagar	-38 195 346
Psykisk utviklingshemma	-29 613 000
Sentraladm. Politisk leiging	-20 965 000
Barnevern	-5 628 000
Eigedomsdrift	-11 688 000
Helsesenter-legekontor	-9 170 000
Sosialtenester - NAV	-4 063 000
IT-drift	-2 419 000
Kultur	-2 579 000
Religiøse føremål - kyrkjer og trussamfunn	-1 811 000
Sum netto forbruk	-219 271 471
Disponible inntekter	209 026 364
Underskot i drifta	-10 245 107



Dette skjer

Fjord Cadenza

6. - 10. august

Fjord Cadenza startar i år 6. august kl. 19:00 med opningskonsert på Gomerhuset, Konsertsalen med Kaunas City Symphony Orchestra, Eli Kristin Hansveen, Anders Nilsson, Povilas Syrrist Gelgota, Rune Bergmann.

Anders Nilsson og Povilas Syrrist-Gelgota er internasjonalt anerkjente musikarar som skal framføre Bruch sin vakre dobbeltkonsert for fiolin og bratsj.

Årets festivalkomponist, Odd Johan Overøye skal også presenterast, og verket som skal framførast i opningskonserten heiter Treet. Opningskonserten avsluttar med den fantastiske niande symfonien til Antonin Dvorak, også kalla «Symfoni til den nye verda».

Sjå heile programmet på skodje.kommune.no.

Billettar kan kjøpast på gomerhuset.no.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no